

**Silda velforening -- årsmøtet 08.04.2023 Referat,
Grunna Pandemi vart det ikkje gjennomført årsmøte i åra 2020 - 21**

Frammøtte 22 personar. Styreleia Tore Johansen ønskte velkommen

1. Konstituering

Forslag: møteleiar Sindre Langlo. referent Paul Sundnes .
to til å signere møteboka: Helge Hennøen og Anette Wik Silden. Alle valde ved akklamasjon

2. Styret si årsmelding for 2022. Gjennomgang ved styreleiar Tore.

(Sjå årsmelding for driftsåret 2022). **Samrøystes godkjend**

Styre i perioden: Leiar Tore Johansen, sekretær: Chantal Silden Langlo

Kasserar: Unni Silden Hennøen, styremedlemar; Gerda Silden Totland, Leif Magne Wik

Vara: Jarl Magne Silden, Kari Sølvberg Silden

Valnemnd: Sissel Brunsvik og Anette Wik Silden

3. Rekneskapen for laget: Unni leverte rekneskapen med årsresultat. Kr. 121.357,49 ved årsskiftet
(sjå rekneskap for 2022)

Inntektene kjem frå Norsk tipping (Grasrotandalar) men lite frå medlemspengar.

Laget hadde 18 betalande ved årsskiftet.

Økonomien til Silda Velforening er god, men gir ikkje opning for impulsive satsingar.

Spørsmål frå salen: Kvifor så få medlemmar? Kan det sendast ut giro med krav til medlemmar? Kva med medlemsliste på nett? Korleis vert medlemspengane purra? Her kan det gjerast meir. Folk veit ikkje om dei er medlem, har betalt eller kvar dei skal betale og når. Kanskje off. oppdatering av medlemsliste på FB og silda.com, for eigenkontroll?. Utsending/purring pr brev/faktura vart for dyrt. Kva med utsending på e-post vart det spurd? Styret må vurdere dette nærrare.

Tidlegare var medlemsliste med e-post adresser på nett, det var då lett å purre.

Datatilsynet presisert i 2017 at å legge ut private e-post adresser i off. list er brot på personvern.

Men: Styret kan ha ei eiga lista med e-postadresser, som kan nyttast av styret.

Semje: Styret forslo uendra medlemspengar Kr. 300 pr år

4. Val: Valnemnda sitt forslag vart samrøystes vedteke

Til styret: gjennval for 1 år: Gerda Silden Totland, Tore Johansen, Leif Magne Wik
valde for 2 år: Ann Mari Silden, Margun Kvalheim Rae

Vara representant for 1 år: Jarl Magne Silden, Sindre Langlo

Styret hadde merka seg at SiVe kan markere sine første 20 år, og hadde skaffa ei marsipankake som vart servert i kaffipausen på årsmøtet.

Kva har SiVe arbeidd med/fått utfør ??? Gerda hadde laga ei liste over mange av sakene:

- * Har i alle år arbeidd for og med båtrute-tilbodet.
 - * Årlege dognadar med påfølgjande grillsamlingar
 - * Rydding langs vegar /slått og merking opparbeide tur stiar rundt Silda, med skilting og kart.
 - * Blomsterkasser med planter langs vegane.
 - * Renovasjonsordning med fleire kontainarar
 - * Deltaking i asfalteringa av hovudvegane- stort øk. bidraga
 - * Skifting/utviding av gatelys deltaking med leige av lift m.m
 - * Deltaking i Sildadagane 2022 – Mur og mold ved Aladinankeret.
- Det kan diskuterast om SiVe har noko framtid med så få medlemmar.

Semje: Laget trengst og bør halde fram sine aktivitetar.

Det nye styret må arbeide vidare med korleis ein kan få auka medlemstalet, og betre innbetaling/ verving

Styret har registrert VIPS- konto på Silda Velforening: 795747

4. Aktivitetar i laget siste året:

Styret har skrive fleire brev til Vestland og Kinn kommune ang. båt til Silda. Øyglint har vist seg svært nyttig, også i samband med stormstenging av Måløybrua.

Styret treng hjelp/ tips til kva meir som kan gjerast.

Styret kalla onsdag i påskeveka inn til produksjon av plantekasser, for blomster langs vegane. Desse må plasserast og fyllast av mold og blomster i mai. Styret vil annonsera ein dugnad for dette på FB

5. Saker til drøfting (etterinnmelde)

- a. Det har kome spørsmål om laget kan dekke kostnaden med slått av området nedanfor skule. Grendahuset og Bedehuset har sist sommar leigd ein person til å slå områda der. Det låg ikkje ved kostnadsramme og planlagd slåtte-aktivitet.

Semje: Laget kan ikkje ta på seg oppgåver utan å vite den økonomiske konsekvens. Området langs sjøen vil naturleg gå inn i ein fellesdugnad.

- b. Kva skjer med stien til Kirkeneset, med sitt minnesmerke. Stien bør ryddast og merkast meinte Andreas Rundareim.
Det vart stilt spørsmål om kva avtalar som er for minnesmerket? Kva grunneigarane meiner om stien? Kven eig eller har ansvaret for minnesmerket? Er dette freda område?
I debatten vart det også nemnt at Måløy Venture arbeider med planer for turistbesøk til Silda, i samarbeid med turist-skip i Måløy.

Semje: Styret kan støtte, om der er frivillige interessentar som vil utgreie, korleis grunneigarar stiller seg til ein offentleg stien ned til minnesmerket.

- c. Andreas Rundereim har ad omvegar fått kunnskap om livbåten til «Skonerten Marie» som losen Velum i Silden truleg brukte då han miste livet. Båten står no lagra på Fiskevegn-Flateraket. Andreas, med fleire, fekk på plass ANKARET. Det er att litt pengar etter den SPLEISEN. Andreas forslår å sette opp eit grindanaust av Sidtkagran ved Statsbrynnen. Der livbåten stå under tak som ein del av minnesmerket ved ankeret.

Semje: Som i sak b må det her vere særleg interesserte som stiller seg i spissen, og utarbeider ein plan. Styret kan ikkje ta på seg dette, men laget kan vurdere ein søknad om støtte nå det ligg føre ein plan med økonomisk ramme.

- d. Kva skal SiVe arrangere – lage eit årshjul?


Vedlikehald stiar, Bassar, Bingo, Hattefestar, Dugnadar, Div. arrangement til felles nytte.

Semje: Alle slike tiltak bør gjerne organiserast i samabeid med SildaVelforeining sitt styre, men kan ikkje vere eit pålegg til styret.


- e. «Heimesida Silda.com». Dette digitale arkivet var tenkt å vere ein stad det alle kan finne informasjon om Silda og aktivitet på øya. Silda.com er eigd av SiVe og er laget sitt arkiv. Må ha ein ansvarleg «redaktør» men med fleire «brukarar», som har tilgang og kan legge inn informasjon. Silda.com må koplast til «FB Silda velforening og venner opprettet av Ole Sætren.

Semje: Paul kan ta på seg å vere «redaktør» for «silda.com» i eit år, men styret må leite etter folk som kan få tilgangar, for innlegg og redigering.

- f. Sauebeiting på Silda. Ole Sætren gav melding om at det ikkje lenger vil bli vinterbeiting på Silda, i hans regi. Det krev for mykje arbeid og for mange utfordringar - innkjøp og transport av grovfor med meir.


Ansvarleg for referatet Paul Sundnes


Helge Hennøen


Anette Wik Silden